

VELKOMNE TIL ÅRSMØTE

2021

ÅRSMELDING FOR VJFL



Årsmøte Voss Jeger- og Fiskarlag 2021.

Årsmøte vert halde på Kringsjø 10. des., kl. 19:00

Saksliste:

1. Val av ordstyrar og referent.
 2. Val av to medlemmer til å underteikna protokollen.
 3. Godkjenning av innkalling til årsmøte.
(Hordaland tirsdag 9.nov., Portalen til NJFF/VJFL, FB)
 4. Årsmelding frå siste arbeidsår.
 5. Rekneskapet for siste arbeidsåret.
 6. Valg.
 7. Innkomne framlegg/saker.
 8. Ymse
- Årsmøte avslutta.

Styret har i 2021 bestått av:

Leiar:	Jan Chr. Jersin
Nestleiar:	Geir Johansen
Kasserar:	Odd Henry Hommedal
Studieleiar:	Cato Vivås
Styreleiar:	Robert Veseth
Leiar jaktutvalet:	Håvard Lien
Leiar fiskeutvalet:	Magnar Dale
Leiar skytebane:	Jan Chr. Jersin
Leiar barne- og ungdomsutvalet:	Ronnie Leeninga
Kvinnekontakt:	Turid Soldal
Skrivar:	Bente Fenne

Styret har vert samla til 4 styremøter i 2021. Men det har også vert mye dialog som går via e-post og telefon. Laget har no 442 aktive medlemmer, og 1,1K følgjarar på Facebook.

Året 2021 har også vert prega av Covid-19. Når barnas isfiske skulle gå av stabelen, var det full oppblomstring av covid igjen. Etter det før isen. Då våren kom, og skyting - samt stevnene på skytebanen skulle avviklast, var det berre å avlysa. Me fekk etterkvart gjennomført jegerprøvekurs, og åpna skytebanen. VJFL og Skytebanen har søkt og fått koronatilskot, konf.rekneskapen.

VJFL har holdt på med oppfisking i Vangsvatnet, slik at NINA har fisk å forska på. Me har ikkje fått noko rapport på resultat frå dette endå.



Utebursdag NJFF 150 år. Den 23.10 blei det feiring på skytebanen. Me dekkja opp med 3-retters middag med hjortegryte, rypegryte og med grilla fjellaure. Me hadde jevnt besøk heile dagen igjennom med store og små. Me fekk veldig gode tilbakemeldinger på arrangementet.



Saker styret har jobba med:

*Oppdatert og forbedra heimesida vår på den nye portalen til NJFF. Her har me endå meir å gjera.

*Utebursdag NJFF 150 år.

*Planarbeid i Voss Herad.

- Fråsegn VJFL hyttefelt Skutlesåsen.

- Myrkdalen fjellandsby.

- E16 Åsbrekkegjelet.

- Voss Raftingsenter.

*Oppfisking i Vangsvatnet til forskning NINA.

*Forbedra opplæringsjakt på hjort på Mykkeltveit.

Eit kjært medlem har gått bort. Terje Røthe var eit aktivt medlem i Voss Jeger og Fiskarlag i over 30 år. Han var ein aktiv jeger og fiskar, og han har hatt fleire verv i laget.

Han var alltid tildlig ute på Lønaisen om vintrane.

I forbindelse med Terjes gravferd fekk laget inn minnegåver. Styret har vedteke å setja opp ein vandrepokal i hans navn med samtykke frå familien.



Årsrapport fiskeutvalet

2021 starta med skikkeleg vinterver og isen la seg på Lønavatnet. Laget bestemte seg for å arrangera vossameisterskap i isfiske 23. januar. Når dagen kom flaut det av overvatn og tevinga måtte utsetjast ei veke. Det var kanskje ikkje så dumt for då var kulden kommen att og det var fine forhold. 62 påmelde var ny rekord. Vossameister blei Eiliv Nysveen med 1,615 kg.

14 dagar seinare skulle me ha barnas dag på Lønavatnet, men i mellomtida blei det eit coronautbrot i Ulvik. Dette førde til at me måtte utsetja tilskipinga. Så kom mildveret og isen på vatnet var historie.

Siste laurdagen i juli var det barnas sommarfiskedag. Som vanleg heldt me til på Nesthus. Geir og Trond sette garn kvelden før, som ungane fekk trekkja. Fangsten var mindre enn tidlegare år, det var nok fordi vatnet var lite og temperaturen var høg. Så var det pilkasttevling med premiar til alle. Dagen blei avslutta med grilling.

Laget har lånt ut èin båt til Myrkdalen grunneigarlag. Den ligg i Holmavatnet i Sendedalen. Magne Sørestrand og villmarkslinja har dreve utfisking med garn i fleire år, og no har fisken blitt fin. Snittvekt 200g. Båten har blitt lånt ut til medlemmar av VJFL. 14 gonger i sommar. Det blir helst fiska med stong og oter, men garn kan lånast.

Mange av medlemmane i laget har i haust gjort èin solid innsats for klekkeriet. Stamfisket i år har vore vanskeleg med mykje vatn i elva. Over 70 laksar blei fanga. Mesteparten var feittfinneklypt, så utan klekkeriet bli det vanskeleg å bevare den vidgjetne vossolaksen.

Takk for i år!

Helsing Magnar Dale.





Årsmelding frå Klekkeriutvalet

2021 er andre året det ikkje vert produsert smolt på Voss klekkeri. Det einaste bruken til anlegget no er å

oppbvara rogn som skal gå til levande genbank. Rogna ligg i klekkeret frå november til slutten av mars, i den perioden tek klekkeriutvalet seg av helgvaktene. Resten av året ligg anlegget tomt.

No i oktober og november har me drive med stamfiske / registreingsfiske resultatet av det vart:

76 laks totalt

51 stk uten feittfinne (fisk frå klekkeriet).

19 stk med feittfinne (naturleg gytt).

6 stk oppdrettsfisk.

30 stk av villaksen vart fanga med garn i Rognsfossen.

40 stk villaks fiska med stong.

Antal dugnadstimar med stongfiske var 437 timar : 437timar : 40 laks = 11timar pr. fiska laks.

Av desse fiskane vart 13 hofisk og 13 hanfisk teke inn på klekkeriet for stryking.

Dersom ein ser på forholdet mellomvillfisk med feittfinne (19 stk) og oppdrettsfisk (6 stk) vert andelen oppdrettsfisk heile 31,5%.

Når ein ser på desse tala og tala som er komne fram frå fiske i resten av fiskesesongen vert det heilt umogelegå tru at laksen skal klara seg

på eigenhand utan hjelp frå utsetjingar, når ingen av problema er løyste. Av den grunn er det oppretta ei pressgruppe med engasjerte folk som vil kjempa for å få starta opp att drifta av klekkeriet.

Klekkeriutvalet.

Saker som klekkeriutvalet har jobba med:

- Fråsegn om revisjon, angående Torfinno
- MERKNADER TIL REVISJONSOKUMENT FOR EVANGER KRAFTVERK

Årsmelding frå studieleiar



Året 2021 har underteikna og Terje Kvitne arrangert to jegerprøvekurs. Det har vore utfordringar i år også i forhold til corona-viruset og reglar. Underteikna har hatt god kontakt med kommunelegen og han har vore god å ha når me har vore litt usikre på reglane. Det fyrste kurset hadde me i januar/februar og det vart begrensa til kun 10 deltakarar, sjølv om det var 28 påmelde kandidatar. Grunna krav om avstand måtte me leige Voss Skyttarlag sitt klubbhus i år og.

Det har fungert bra og samarbeidet med VSL har vore flott. Det andre kurset vart utsett til slutten av juni grunna smittereglar. På det kurset var det 41 påmelde kandidatar. Grunna avstandsreglar heldt me to separate kurs i skyttarhuset. Alderen varierer frå 14 til godt oppi 40-åra. Samtlege har bestått eksamen i år.

Kursa går over to helger og siste laurdagen er det praktiske øvingar med blant anna skyting. Då er det kjekt at me har trygge og gode standplassleiarar som hjelper oss. Dei gjev gode tips og råd. Me får gode tilbakemeldingar på dette frå deltakarane på alle kurs.

Grunna smittevernsreglar vart det i år ikkje gjennomført praktisk ettersøk, flåing av rype og tilbereding av viltkjøt.

Me har eit veldig godt samarbeid med Ingmar Slettemark, som er Voss herad sin representant for jegerprøve-eksamen.

VJFL har også hatt standplassleiar kurs i år. Morten Hårklau, som er ein av tre rifle-instruktørar i laget hadde dette kurset. Det vart utdanna 2 nye standplassleiarar.

Neste år vert det jegerprøvekurs i veke 5-6 og veke 13-14. Då har deltakarane god tid å trene skyting på vår og sommar. Mange som tek jegerprøvekurs hjå oss vert medlemar i VJFL. Dei kan då bruke det flotte anlegget vårt på Skjerve og bli aktive medlemar. Det er viktig at me brukar tid på dei nye, medlem eller ikkje medlem, og tek dei godt imot. Dette er ein ypparleg måte å rekruttere nye medlemar til laget. Me er eit stort lag og det krev mange aktive medlemar for å drifte alt.

Til slutt vil eg beklaga at eg ikkje har bilete frå kursa. Dei forsvann med ein knust mobil. Skulle gjerne vore til stades i kveld, men eg er på arbeid. Kos dykk.

Studieleiar Cato Vivås




Årsmelding frå jaktutvalet

Hjortejakt

Det har i år vert arrangert opplæringsjakt på Mykkeltveit. Det har vert 2 deltakara med her og 6 jegerar med for å gjennomføra dette. Det blei nytta dei 4 fyrste helgene til dette, det blei etter kvart også nytta nokre måndagar og tysdagar. Før jakta blei det gjennomført møte der det blei lagt planar for gjennomføring. Det blei før jakta også gått igjennom terrenget og markert ut postar for drivjakta. Dette var til god hjelp for oss som ikkje var like godt kjent i terrenget.

Kvoten har i år vert 5 dyr, fordelt på 1-bukk, 1-kolle, 1-ungkoll, 1-spiss, 1-kalv.

Fyrste jakthelg blei det felt 1 kolle i Vossadalen, bratt og felt var da. Skyttaren hadde eit lite uhell så han var det ikkje mykje hjelp å få hjå, så det blei ei heise økt for nokre av jegerane med å få dyret til veg. (skyttaren gjekk da fint med til slutt)



Allereie veka etter blei det felt ein kalv på smygjakt. 2. helga blei det felt ei ungekoll på råking. Tilfeldigheitene gjorde det slik at det blei dei erfarne som kom i posisjon for felling. Etter felling har jegerane som har vert på opplæringsjakt fått innføring i slakting og grovpartering av viltet.

Eg ynskjer og retta ei stor takk til alle dei som har vert med å bidrege til at opplæringsjakta blei ein suksess i år.

I skrivande stund er det 1 bukk igjen på kvote. Jakta i Voss Herad er blitt utvida til 31.januar. Dette er i eit forsøk på å nå måla i bestandsplan i områda rundt Hardangervidda.



Småviltjakt Holmen

Jakta på Lundaholmen starta i år 25.september.

Jakta har blitt annonsert gjennom NJFF sine nettsider og Facebook sida til VJF.


Kortsalg har vert hjå S.Endeve Sport og det har vert forbeholdt medlemmer av laget. Pris for jakta har vert 250,- + 50,- kr i pant.

Det har blei før jakta meldt inn at det blir jakta utanom grensene til terrenget. Det blei som eit tiltak på dette oppdatert kart som har blitt lagt ut på nettsidene til laget.

I skrivande stund er det blitt solgt 38 jaktdagar på holmen og innrapport 5 felte ryper.

For jaktutvalet

Håvard Lien



Årsmelding frå Hundegruppa

Me har komme oss igjennom eit nytt corona år, som har satt litt begrensingar for oss alle, sjølv om det ikkje har vore like omfattande som året før.

Aktiviteten i gruppa har vore liten, men det er vorte satsa ein del på saueaversjon. U.t inviterte lokalavisa til kursa, men dei kunne ikkje møta. Det endte med at u.t laga eit innlegg som avisa Hordaland ville ha i trykken. Det kan virka som det har hatt noko effekt, men me har framleis å gå på. I starten var det for det meste u.t som stod for aversjonen, men etter ein operasjon, fekk eg veldig god hjelp frå andre instruktørar også. Det var ca. 26 hundar som gjennomgjekk kurs. Det vart avhalde 6 kurskveldar og noko «dropp-in».

Me har også hatt nokon som har vore på «oppfluktstrening» med sine fuglehundar. Det føregjekk hjå underteikna.

Eg har ikkje motteke noko rapport frå medlemmar på premier eller anna aktivitet. Så det eg kan rapportere er frå eiga adresse, der med er fornøgde med sesongens både jakt- og utstillingspremieringar.

Mvh for hundeutvalget

Elin D Veseth

Årsmelding skytebanen

Covid-19 har vært ei hindring i år og på skytebanen. Me skulle ha elg-cup stevne og 50 skudds haglestevne i vår, men det blei avlyst i siste liten. Me starta opp med skyting 26.april etter ein stor dugnad på skytebanen, der me flytta sauegjerdet slik at haglebane 2 kunne bli operativ i løpet av sesongen.

VGS byggfaglinja har brukt skuleåret(2020-21) på haglebane 2. Ein super gjeng å samarbeida med. Finn Døhlen har så og sei mala heile bygget i sommar.



Me har gjennomført vårt fyrste 100 skudds haglestevne i haust, og me har hatt 2 jaktfeltskytinger i år. Standplassleiarar har assistert på 2 jegerprøvekurs og sponsorskyting med Vinjo. Skyting med villmarkslinja på Voss VGS, skyting med alpingjengen på gymnaset og 4-H frå Bulken. Viktig med rekruttering 😊



Elgbanen hadde me ein del utfordringar med i 2020. Vogna til elgen var for tung, som medførte stor belastning på hjulene, el.motor og gir. Me bestemte oss for å lage ei ny vogn i aluminium hjå Johannes Gjerstad. Dette blei ein suksess, men giret var allereie kaputt. Så me måtte snu oss rundt og skaffe eit nytt gir med rett utveksling. Det endte med ny el.motor og.



5. september var dagen for det lokale oppgjøret på skytebanen.

Vossamesterskap i jegertrap vart holdt på den nye haglebanen.

1. Lagsmester Kjartan Saue
2. Trond Johansen
3. Jan Chr. Jersin
4. Finn H. Døhlen

Junior: Christian Jersin

Veteran: Finn H. Døhlen



Vossamesterskap i Elbaneskyting

1. Lagsmester Jan Chr. Jersin
2. Morten Hårklau

Dame: Elizabeth Gjerstad

Veteran: Jan Skorve



Rypepokalen 2020

1. Vinner Trond Johansen
2. Jørgen Kristiansen
3. Kjartan Saue

Junior: Christian Jersin

Veteran: Geir Johansen





Helsing Skytebaneleiar Jan Christian Jersin

Årmedling frå dameutvalget



Isfiskedag

Det var damenes isfiskedag 6. februar. Det var fint ver og flotte forhold, og 6 glade damer hadde ein fin dag på isen med bålkos og fangst.

Fleire nye fiskarar var med denne dagen.



Leirdueskyting

Damene har hatt to dagar med leirdueskyting, 5. juni og 14. august.

Det har vore til saman 22 deltakarar fordelt på desse to dagane. Det har vore mange nye med på leirduebanen i år. Mykje god skyting og god stemning.



Turid Soldal, kvinnekontakt

Årsmelding Ungdomsutvalet

Oppsummering Barne- og Ungdomsutvalget.

Me kansellerte Isfiskedagen på Lønvatnet som var planlagt å ha i februar grunna smitteutbruddet i både Ulvik og Bergen. Etter at det hadde roa seg igjen så for isen ganske så kjapt og gikk det dessverre ikkje an å velge ein annan dato.

Sjøfiskedagen i Osa.

Her var det påmelding på, men ingen påmelding kom inn, reiste til Osa likevel i tilfelle det skulle dukke opp noen men det gjorde det heller ikkje. Dette var i slutten av Mai, og dermed så pakka me inn ganske kjapt og kalte det ein dag.

Det var markedsført både på websiden til Njff og på facebook med eit arrangement.

Ronnie

Barne- og Ungdomsutvalget

5. Rekneskap frå siste arbeidsår.



VJF - Konsern
Resultatrekneskap 20



VJF - konsern
Balanse 2021.pdf



VJF - Haglebane 2 -
Rekneskap 2020-202

6. Val av styret



Val 2021.pdf

7. Innkomne saker

Sak 1.

Vedtaksendring. Flytta rekneskapsåret frå 31 oktober til 31 desember. Samt avholde årsmøte innan 1. april året etter.

Sak 2.

Jaktterrenget i Lundarholmen bør forbeholdes vossingar med adresse på Voss. Då dette er det einaste rypeterrenget på Voss der du kan jakte med hund, blir det for dumt at bergensere kjøper opp kortene. Dette må takast opp i styret/årsmøte.

Mvh Frode Stalheim

Sak 3.

Æresmedlem

9. Årsmøtet avslutta

Ymse